



Arild Aase

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2348 - 17/19531

Saksbehandlar:

Ketil Mikkelsen

ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no

Dato:

28.06.2017

Svar vedr klage på arbeid ved rydding av grøft og tre langs vegen på Åse

Hei,

Viser til felles synfaring torsdag 22. Juni, der kommunen var representert ved undertekna, Kjetil Eikefet og Bjarte Haukås.

Grøfter og gjerder:

Det er viktig med gode grøfter for betre drenering og for å unngå at vatn står konstant i vegkroppen. Dette er eit problem der vegen ikkje ligg høgare enn sideterreng (som på Åse). Som vi såg på synfaringa, så sildra det godt i grøftene langs vegen. Kommunen vil setje opp refleksstolpar for å markere møteplassar i dei områda der det kan være fare for at bilar køyrar utanfor vegskulderen. Ved grøfterensk har vi prøvd, ved berre å fjerne ei skuffebreidd med maskin, å halde oss unna gjerdene. Kommunen kan ikkje sjå at vi aleine er resultat i undergraving. Vegbilette frå tidlegare år viser og at gjerder har byrja å leggje seg frå lenger tilbake i tid. Som diskutert på staden så er også jordsmonnet nokre plassar så tynt at det er vanskelig å få gjerdestolpane djupt nok.

Slåtteenga:

Som diskutert vil vi i framtida prøve å belte over spor, for å få ei jamn flate, slik at problemet med jordklumpar forsvinn.

Massar frå grøfterensk:

Her burde sjølvsgagt teknisk drift tatt kontakt og levert massar til grunneigar. Dette beklagar vi, og vil ved neste høve ta kontakt for levering.

Trerydding:

I rassikringsrapport, utarbeidd av Geolog AS i 2012 på oppdrag frå Lindås kommune/Norconsult, er trea langs vegen anbefalt fjerna pga. høgt tyngdepunkt og rotsig. Det er anbefalt og styve trea, og la 1-2m av stamme stå igjen, for å gje ei barriere for stein som fell/sklir ned frå ura bak. Trea er hovudsakleg fjerna for å sikre trafikkantar og skade på veg. Det har og blitt fjerna ein god del rotne/sjuka tre som truleg før eller sidan ville ha falt over vegen og telelinja opp til Åse. Trea nær vegen er og med på å fylle grøftar med kvist

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



og blad, og såleis redusere grøftene si evne til å leie/drenere vatn. Sjølv om ein del av trea som er fjerna står eit stykke unna veggrensa, så gjev granneloven det offentlege moglegheit til å fjerne tre som kan være til fare/ulempe. Etter diskusjon på staden vil kommunen skaffe/plante nokre nye bøketre langs vegen for å unngå at «villnis» etablerer seg.

Håper vi i felles synfaring, og med dette brevet, har svart dykkar klage.

Med helsing

Ketil Mikkelsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Kjetil Eikefet

Mottakarar:
Arild Aase